



## STORTINGET

# Innst. 88 S

(2021–2022)

Innstilling til Stortinget  
fra arbeids- og sosialkomiteen

Dokument 8:15 LS (2021–2022)

**Innstilling fra arbeids- og sosialkomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Mimir Kristjánsson, Seher Aydar, Hege Bae Nyholt, Tobias Drevland Lund og Sofie Marhaug om å forby bemanningsbransjen, fjerne den generelle adgangen til midlertidige ansettelser og skjerpe arbeidstakerbegrepet og arbeidsgiveransvaret**

Til Stortinget

## Bakgrunn

I dokumentet fremmes følgende anmodningsforslag i del B:

- «1. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om økt grunnbemanning og styrket offentlig arbeidsformidling, slik at virksomheter blir sikret nødvendig arbeidskraft.
2. Stortinget ber regjeringen som et strakstiltak innføre et forbud mot innleie av arbeidskraft fra private virksomheter som ikke er produksjonsbedrifter, på byggeplasser i de tidligere fylkene Oslo, Akershus, Østfold, Buskerud og Vestfold, jf. arbeidsmiljøloven § 14-12 (5).
3. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om forbud mot innleie av arbeidskraft fra private virksomheter som ikke er produksjonsbedrifter.
4. Stortinget ber regjeringen om å registrere utviklingen av innleie fra bemanningsforetak og lage statistikk etter næring og fylke, inkludert andelen fra EUs medlemsland, og å legge fram forslag til tiltak som forhindrer at utviklingen man har sett i blant annet

bygg- og anleggsbransjen, sprer seg til andre sektorer.»

Det vises til dokumentet for nærmere redegjørelse for forslagene.

## Komiteens behandling

Komiteen ba i brev av 21. oktober 2021 om statsrådets vurdering av forslaget. Statsrådets svarbrev av 2. november 2021 følger vedlagt.

Komiteen har avgitt to innstillinger, en S-del og en L-del. Lovforslaget blir behandlet i Innst. 87 L (2021–2022).

Som ledd i komiteens behandling av representantforslaget ble det 18. november 2021 gjennomført høring i saken.

Følgende deltok på høringen:

- Næringslivets Hovedorganisasjon
- Hovedorganisasjonen Virke
- Norsk Industri
- NHO Service og Handel
- Sjømat Norge
- Landsorganisasjonen i Norge
- UNIO
- Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund
- Fellesforbundet
- Akademikerne

## Komiteens merknader

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Tuva Moflag, Runar Sjøstad, Trine Lise Sundnes og Torbjørn Vereide, frå Høgre,

Henrik Asheim, Anna Molberg og Aleksander Stokkebø, frå Senterpartiet, Eivind Drivenes og Per Olaf Lundteigen, frå Framstegspartiet, Dagfinn Henrik Olsen og Gisle Meininger Saudland, frå Sosialistisk Venstreparti, leiaren Kirsti Bergstø, og frå Raudt, Mímir Kristjánsson, viser til at representantforslaget frå Raudt inneheld forslag som omhandlar fleire tema knytte til innleige, mellombels tilsetjing og omgåing av arbeidsgjevaransvar. Representantane foreslår fleire tiltak på innleigeområdet, mellom anna eit forskriftsfesta straksforbod mot innleige frå bemanningsføretak på byggeplassar i konkrete fylke, og eit lovforbod mot innleige frå bemanningsføretak.

Komiteen merkar seg at lovforslaga i representantforslaget er henta frå NOU 2021:9 Den norske modellen og fremtidens arbeidsliv. Utvalet har greidd ut ulike tilknytingsformer i arbeidslivet og verksemdorganisering, og har mellom anna gjort framlegg om endring av arbeidsgjevar- og arbeidstakaromgrepet, ein ny regel om omgåing, ein definisjon av innleige og utvida arbeidstakarrettar i konsern. Komiteen merka seg at samtlege arbeidstakarsamanslutningar på høyringa i komiteen gav uttrykk for at dei i all hovudsak stilte seg bak forslaga i Fougner-utvalet, men at dei ønskte å venta på departementet sin heilskaplege gjennomgang av dei skriftlege høyringsinnspel til desse forslaga.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Raudt, meiner dette er det riktige å gjera.

Komiteen merkar seg òg at partane i arbeidslivet er inviterte til møte i Arbeids- og sosialdepartementet i desember 2021, der temaet for møtet er innleige.

Komiteen vil understreke at faste og heile tilsetjingar skal vera hovudregelen i det norske arbeidslivet. Løns- og arbeidsvilkår skal følgja norske lover og norske tariffavtalar.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Høgre, meiner innleige og mellombelse tilsetjingar som fortrengrer faste tilsetjingar, og tilknytingsformer der føremålet er å omgå arbeidsgjevaransvaret, skapar aukande skilnader i arbeidslivet og utryggleik for folk. Fleirtalet meiner difor det er viktig å styrka arbeidstakarrettane i eit arbeidsliv i endring.

Komiteen merkar seg at regjeringa i samarbeid med partane i arbeidslivet vil leggje fram jamnlege kartleggingar av utviklinga i arbeidslivet knytt til organisasjonsgrad, tariffavtaledekning, innleige, faste og mellombelse tilsetjingar og andre tilknytingsformer.

Komiteen merkar seg at både Næringslivets Hovudorganisasjon og NHO Service og Handel peika på at eit geografisk forbod mot innleige, som foreslått i representantforslaget frå Raudt, vil medføra andre utfor-

dringar, mellom anna at fagfolk vil bli rekrutterte frå andre delar av landet der det ikkje er eit forbod mot innleige.

Komiteen merkar seg at Fellesforbundet i sitt høyringssvar tar til orde for at forskriftshøvet i arbeidsmiljølova § 14-12 (5) blir tatt i bruk for å forby innleige i bransjar og område der det er naudsynt – som i byggenæringa i Oslofjordområdet. Samtidig tar Fellesforbundet også til orde for at desse spørsmåla bør bli handsame i ei samla sak.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Høgre og Framstegspartiet, deler forslagsstillarane si uro for utviklinga rundt innleige. Det har vore ein betydeleg vekst i bruken av innleige frå bemanningsføretak dei siste tiåra. Ein praksis med omfattande bruk av innleige kan mellom anna føre til dårlegare løns- og arbeidsvilkår for dei fast tilsette arbeidstakarane i næringar med mykje innleige, og det kan også svekke fagkompetansen i desse næringane. Fleirtalet ønskjer på denne bakgrunnen å stramme inn på vilkåra for bruk av innleigd arbeidskraft.

Eit anna fleirtal, medlemene frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, viser til at det er ulike tiltak som kan gjerast for å få til dette, og ventar at Arbeidarparti-Senterparti-regjeringa legg fram forslaga sine om dette så snart dette lar seg gjera.

Komiteen viser til at eit velorganisert arbeidsliv er grunnlaget for eit trygt familieliv og samfunnsliv.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Høgre og Framstegspartiet, viser til at regjeringa om kort tid vil leggje fram lovforslag om å oppheve den generelle tilgangen til mellombels tilsetjing, slik fleirtalet i Fougner-utvalet gjorde framlegg om.

Fleirtalet viser og til at Arbeids- og sosialdepartementet 2. november 2021 sende forslag om på nytt å innføre kollektiv søksmålsrett for fagforeningar om ulovleg innleige, på alminneleg høyring. Høyringsfristen er 14. desember 2021.

Eit anna fleirtal, alle unnateke medlemene frå Raudt, vil på denne bakgrunnen tilrå at representantforslaget ikkje blir vedteke.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet vil visa både til Innst. 355 L (2017–2018), jf. Prop. 73 L (2017–2018), og til Innst. 294 L (2019–2020), jf. Prop. 61 LS (2019–2020), for ein gjennomgang av historikken bak innstrammingane av innleigeføresegner og innføring av naudsynte heimlar til Arbeidstilsynet i arbeidsmiljølova for å handheva lov-

føresegner om innleige, som Stortinget gjorde vedtak om under regjeringa Solberg.

Desse medlemene vil understreka at det var stortingsvedtak nr. 547 av 15. mars 2018, jf. Innst. 131 S (2017–2018) og Innst. 132 L (2017–2018), som gav føringer for kva regjeringa i den varsla proposisjonen om endringer i arbeidsmiljølova om fast tilsetjing, mellombels tilsetjing i og innleige frå bemanningsføretak skulle sikra. Stortinget sikra gjennom handsaming av Innst. 355 L (2017–2018) mellom anna at tilsette i bemanningsføretak skal vera fast tilsette, og ikkje kunne vera mellombels tilsette slik regjeringa føreslo i Prop. 73 L (2017–2018).

Desse medlemene vil vidare understreka at det var stortingsvedtak nr. 821 av 4. juni 2018, som gav regjeringa Solberg i oppdrag å utarbeida forslag til ein kontrollfunksjon som skulle føra tilsyn med og gje pålegg om å treffa einskildvedtak for å gjennomføra føresegnene i arbeidsmiljølova, for så å leggja dette fram for Stortinget på eigna måte, som medførte at regjeringa Solberg la fram lovforslag om handheving av innleige- og likebehandlingsreglane våren 2020.

Desse medlemene vil vidare visa til at alle lovforslaga som regjeringa Solberg la fram våren 2020 om å auka straffenivået for arbeidslivskriminalitet, og om å innføra lovheimel for å etablera ei godkjenningssordning for verksemder som tilbyr bilpleie, bilvask m.m., vart støtta av både Arbeidarpartiet og Senterpartiet. Desse medlemene viser til at begge desse partia over fleire år i Stortinget har peika på manglande heimlar for å gje organa som inngår i a-krimssamarbeidet, tilstrekkeleg høve til å dela opplysningar som ikkje kan delast som følgje av avgrensingar i lova.

Desse medlemene ser fram til at regjeringa legg fram det varsla lovforslaget sitt om styrking av deltidstilsette sin rett til auka stillingsprosent gjennom å lovfesta at arbeidsgjevarar som lyser ut ei deltidsstilling, må dokumentera at det er eit reelt behov for deltid. Det store omfanget av deltidskontraktar innan helse og omsorg og i varehandelen representerer ein strukturell ukultur som ramar kvinnerike arbeidsplassar og vanskelegger kvinner sitt økonomiske sjølvstende.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Fremskrittspartiet viser til forslagene fra Fougnerutvalget som forslagsstillerne fremmer. Disse medlemmer avviser ikke en diskusjon om utvidelse av arbeidsgiver- og arbeidstakerbegrepet i arbeidsmiljøloven, eller hvorvidt det skal lovfestes en gjennomskjæringsregel. Disse medlemmer mener imidlertid at alle forslag i Fougnerutvalget bør behandles samtidig fremfor at de blir vedtatt stykkevis i ulike representantforslag. Disse medlemmer ser frem til at regjeringen kommer tilbake med en helhetlig oppfølging av Fougnerutvalgets utredning.

Disse medlemmer er helt uenige med forslagsstillerne i deres syn på bemanningsbransjen og at det bør være en statlig oppgave å skaffe arbeidskraft til samfunnskritiske sektorer. Bemanningsbransjen er i all hovedsak en seriøs bransje som bidrar til å skaffe næringslivet i hele Norge arbeidskraft, i tillegg til å hjelpe mennesker med å få en fot innenfor i arbeidslivet. Disse medlemmer viser til at seriøse bemanningsselskaper ivaretar den ansattes rettigheter, påser at arbeidsforholdet er innenfor rammene av spillereglene i arbeidslivet, og at de har arbeidsgiveransvar. Disse medlemmer viser til at det, som overalt ellers, finnes useriøse aktører, og at enhver useriøs eller ulovlig praksis må slås ned på. Disse medlemmer viser til at regjeringen Solberg gjorde en rekke endringer i reglene for innleie nettopp for å imøtekomme behovet for å reagere mot useriøse aktører. Det ble blant annet skjerpet adgang til å inngå avtale om tidsbegrenset innleie, virksomheten måtte heretter være bundet av tariffavtale inngått med fagforening med innstillingsrett, og muligheten til å ansette noen fast uten garanti for lønn ble fjernet. Straffenivået for arbeidslivskriminalitet ble også skjerpet, Arbeidstilsynet har fått myndighet til å slå ned på ulovlig innleie og brudd på likebehandlingsreglene, det er gitt lov hjemmel for å etablere en godkjenningssordning for virksomheter som tilbyr bilpleie, bilvask m.m., og det ble sendt på høring et forslag til forskriftshjemmel som skal gi organene som inngår i a-krimssamarbeidet, større adgang til å dele taushetsbelagte opplysninger. Disse medlemmer mener det er drastisk å gå til det skritt å forby en hel bransje bare fordi det finnes useriøse aktører. Det er et inngripende forslag som inviterer til et rigid arbeidsliv, og som ikke imøtekommer de behov som eksisterer både på arbeidsgiver- og arbeidstakersiden.

Disse medlemmer vil at arbeidslivet skal være trygt, fleksibelt og familievennlig, med plass til alle.

Disse medlemmer vil understreke at treparts-samarbeidet mellom arbeidsgivere, arbeidstakere og staten er viktig, og at hovedregelen i norsk arbeidsliv er hele faste stillinger. Det er grunnlaget for trygge arbeidsplasser. Disse medlemmer mener det er viktig å legge til rette for at personer som jobber ufrivillig deltid, får mulighet til å øke sin stillingsprosent, og vil spesielt peke på det offentlige ansvar for gode arbeidsvilkår.

Disse medlemmer mener det ikke er grunnlag for å forby bemanningsbransjen og fjerne den generelle adgangen til midlertidige ansettelser som forslagsstillerne tar til orde for i forslaget. Disse medlemmer er av den oppfatning at innleie og midlertidige ansettelser i noen tilfeller vil være nødvendig for å sikre fleksibilitet og muligheter for både bedrifter og ansatte. Et eksempel kan være en bedrift som er i oppstartsfasen, med usikre fremtidsutsikter og usikkert behov for arbeidskraft lenger frem i tid. Samtidig kan midlertidige ansettelser gi

muligheter til å få arbeidserfaring for grupper i samfunnet som i dag står utenfor arbeidslivet.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti viser til at Sosialistisk Venstreparti har programfestet å avvikle bemanningsbransjen. Dette medlem mener man må sørge for at spesielt utsatte bransjer skjermes totalt inntil dette er gjennomført, og at bruk av slik innleie for øvrig begrenses til reelle vikariat. Dette medlem mener vi fortsatt må tillate utvidet innleie mellom reelle produksjonsbedrifter etter avtale med tillitsvalgte i fagforening med innstillingsrett. Dette medlem viser til at Sosialistisk Venstreparti har fremmet forslag om å forby bemanningsbransjen ved flere anledninger, blant annet i forbindelse med behandling av Innst. 97 L (2020–2021) jf. Representantforslag 21 LS (2020–2021) fra Arbeiderpartiet om et mer rettferdig arbeidsliv med faste stillinger. Dette medlem viser til at Sosialistisk Venstreparti i sistnevnte innstilling fremmet følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en plan for å avvikle bemanningsbransjen.»

Dette medlem er utålmodig når det gjelder å få de kommersielle bemanningsbyråene ut av arbeidslivet, og mener at gode løsninger for et ryddigere arbeidsliv haster.

Dette medlem viser til forslagene som er fremmet i Representantforslag 15 LS (2021–2022) fra Rødt. Forslagene om endringer i arbeidsmiljøloven baserer seg på forslagene fra Fougner-utvalgets flertall (jf. NOU 2021:9 Den norske modellen og fremtidens arbeidsliv). Parallelt med behandlingen er det et arbeid som foregår på bakgrunn av NOU 2021:9. Dette medlem mener det er avgjørende at helt nødvendige grep i norsk arbeidsliv tas raskt. Dette medlem mener likevel behandlingen av disse spørsmålene må avvente den politiske behandlingen av NOU 2021:9.

Dette medlem viser til at det i høringen kom klart frem at høringsinstansene, særlig på arbeidstakersiden, ønsker å avvente de pågående politiske prosessene som pågår parallelt.

Dette medlem understreker viktigheten av et godt partssamarbeid og viser til høringen, hvor det ble uttrykt et klart ønske om å se de ulike delene i representantforslaget i sammenheng og behandle disse spørsmålene gjennom et grundig og helhetlig lovarbeid. Dette medlem tar innspillene fra en samlet fagbevegelse på alvor og vil også fremheve lovarbeidets betydning som redskap for tillitsvalgte.

Komiteens medlem fra Rødt viser til at innleie er ekstremt konsentrert i enkelte næringer og geografiske områder. Det er nødvendig å få en bedre og automatisk oversikt over utviklingen av innleie fra alle

bemanningsforetak, ikke bare de som er organisert i NHO Service og Handel, sortert etter næring og fylke.

Dette medlem fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen registrere utviklingen av innleie fra alle bemanningsforetak og lage statistikk etter næring og fylke, inkludert andelen fra EUs medlemsland, og å legge fram forslag til tiltak som forhindrer at utviklingen man har sett i blant annet bygg- og anleggsbransjen, sprer seg til andre sektorer.»

Dette medlem viser til at Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti gjentatte ganger har fremmet og stemt for forslaget om å forby bemanningsforetak på byggeplasser i Oslo-regionen. Dette medlem viser til at det er godt dokumentert at andelen innleide på byggeplasser i Oslo-området er svært høy, fortrenger fast ansatte og bidrar til at organisasjonsgraden synker, og mener at det haster å innføre et forbud.

Dette medlem fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen som et strakstiltak innføre et forbud mot innleie av arbeidskraft fra private virksomheter som ikke er produksjonsbedrifter, på byggeplasser i de tidligere fylkene Oslo, Akershus, Østfold, Buskerud og Vestfold, jf. arbeidsmiljøloven § 14-12 (5).»

Dette medlem mener at et velorganisert arbeidsliv og et trygt familie- og samfunnsliv er uforenlig med kommersiell utleie av arbeidskraft. Dette medlem mener at all innleie fortrenger faste ansettelser og forringer lønns- og arbeidsvilkår. Dette rammer de ansatte i bemanningsbyråene, men bidrar også til at rekrutteringen til yrkesfagene faller, fordi det ikke er attraktivt for ungdom å søke seg til bransjer med mye innleie og dårlige lønns- og arbeidsforhold. Dette medlem mener at dette er en farlig nedadgående spiral, hvor bedrifter og bransjer gjør seg stadig mer avhengig av innleie fordi det er mangel på fagarbeidere. Dette medlem mener at det haster å snu denne utviklingen, og at det er nødvendig at det offentlige igjen tar det fulle ansvaret for arbeidsformidlingen.

Dette medlem fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag som fører til økt grunnbemanning og styrket offentlig arbeidsformidling, slik at virksomheter blir sikret nødvendig arbeidskraft.»

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om forbud mot innleie av arbeidskraft fra private virksomheter som ikke er produksjonsbedrifter.»

## Forslag fra mindretall

### Forslag fra Rødt:

#### Forslag 1

Stortinget ber regjeringen registrere utviklingen av innleie fra alle bemanningsforetak og lage statistikk etter næring og fylke, inkludert andelen fra EUs medlemsland, og å legge fram forslag til tiltak som forhindrer at utviklingen man har sett i blant annet bygg- og anleggsbransjen, sprer seg til andre sektorer.

#### Forslag 2

Stortinget ber regjeringen som et strakstiltak innføre et forbud mot innleie av arbeidskraft fra private virksomheter som ikke er produksjonsbedrifter, på byggeplasser i de tidligere fylkene Oslo, Akershus, Østfold, Buskerud og Vestfold, jf. arbeidsmiljøloven § 14-12 (5).

#### Forslag 3

Stortinget ber regjeringen fremme forslag som fører til økt grunnbemanning og styrket offentlig arbeidsfor-

midling, slik at virksomheter blir sikret nødvendig arbeidskraft.

#### Forslag 4

Stortinget ber regjeringen fremme forslag om forbud mot innleie av arbeidskraft fra private virksomheter som ikke er produksjonsbedrifter.

## Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Høyre, Senterpartiet, Framskrittspartiet og Sosialistisk Venstreparti.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Dokument 8:15 LS (2021–2022) – Representantforslag fra stortingsrepresentantene Mímir Kristjánsson, Seher Aydar, Hege Bae Nyholt, Tobias Drevland Lund og Sofie Marhaug om å forby bemanningsbransjen, fjerne den generelle adgangen til midlertidige ansettelse og skjerpe arbeidstakerbegrepet og arbeidsgiveransvaret – bokstav B – vedtas ikke.

Oslo, i arbeids- og sosialkomiteen, den 14. desember 2021

**Kirsti Bergstø**

leder

**Per Olaf Lundteigen**

ordfører



DET KONGELIGE  
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Statsråden

Arbeids- og sosialkomiteen i Stortinget  
Stortinget  
Postboks 1700 Sentrum  
0026 OSLO

Deres ref  
BSK/inv

Vår ref  
21/3535-

Dato  
2. november 2021

**Representantforslag 15 LS (2021-2022) om å forby bemanningsbransjen, fjerne den generelle tilgangen til midlertidig tilsetjing og skjerpe arbeidstakeromgrepet og arbeidsgjevaransvaret**

Eg viser til brev frå Stortingets arbeids- og sosialkomité av 21. oktober 2021 der det er bedt om min vurdering av representantforslag 15 LS (2021-2022) frå stortingsrepresentantane Kristjánsson, Aydar, Bae Nyholt, Drevland Lund og Marhaug.

Representantane sitt forslag handlar om fleire tema knytta til innleige, midlertidig tilsetjing og omgåing av arbeidsgjevaransvar. Dette er tema regjeringa også har merksemd om. Regjeringa meiner at heile og faste stillingar skal være hovudregelen i det norske arbeidslivet. Innleige og midlertidige tilsetjingar som fortrengrer faste tilsetjingar, og tilknytingsformer der hensikta er å omgå arbeidsgjevaransvaret, skaper aukande forskjellar i arbeidslivet og utryggleik for folk. Det er viktig å styrkje arbeidstakarrettane i eit arbeidsliv i endring.

Representantane foreslår fleire tiltak på innleigeområdet, mellom anna eit forskriftsfesta straksforbod mot innleige frå bemanningsføretak på byggeplassar i konkrete fylkjer, og eit lovforbod mot innleige frå bemanningsføretak.

Eg deler representantane si uro for utviklinga rundt innleige. Det har vore ein betydeleg vekst i bruken av innleige frå bemanningsføretak dei siste tiåra. Regjeringa meiner at direkte tilsetjingar med anstendige arbeidsvilkår må vere hovudregelen i norsk arbeidsliv. Ein praksis med omfattande bruk av innleige kan mellom anna føre til dårlegare lønns- og arbeidsvilkår for dei fast tilsette arbeidstakarane i næringane med mykje innleige, og det kan også svekke

fagkompetansen i desse næringane. Eg ønsker å stramme inn på bruken av innleigd arbeidskraft.

Departementet er derfor no i gang med eit regelverksarbeid for å avgrense bemanningsbransjens omfang og rolle. For å få til dette, kan ein nytte ulike tiltak. Dette må høyrast på vanleg måte. Arbeidet har høg prioritet, og departementet vil raskt følgje opp med forslag på dette området.

Representantforslaget omtalar også behovet for betre statistikk om innleige. Tal om bruken av innleige frå bemanningsføretak må setjast saman frå ulike datakjelder og kan vere krevjande å få oversyn over. I seinare år er det gjennomført fleire kartleggingsprosjekt for å analysere utviklinga i bruken av innleige og andre alternative tilknytingsformer i arbeidslivet. Her har både departementet og partane i arbeidslivet vore oppdragsgjevarar. Regjeringa vil styrke kunnskapsgrunnlaget for politikken og vil i samarbeid med partane leggje fram jamnlege kartleggingar av utviklinga i arbeidslivet knytta til organisasjonsgrad, tariffavtaledekning, innleige, faste og midlertidige tilsetjingar og andre tilknytingsformer.

Når det gjeld midlertidig tilsetjing, er eg einig med representantane i at den generelle tilgangen til midlertidig tilsetjing bør opphevast. Midlertidig tilsetjing bør avgrensast til arbeid som dekkjer eit midlertidig behov. Fleirtalet i Fougner-utvalet (NOU 2021: 9) gjorde framlegg om å oppheve den generelle tilgangen til midlertidig tilsetjing. Regjeringa vil om kort tid leggje fram et lovforslag for Stortinget om dette.

Representantane har også eit forslag om styrka offentleg arbeidsformidling. Eg viser her til at Arbeids- og velferdsetatens formidlingsinnsats skal bidra til at arbeidssøklarar og personar frå utsette grupper kjem i arbeid, og til at arbeidsgjevarar får dekkja sitt behov for arbeidskraft. Dette er ein viktig funksjon for at alle som kan og vil jobbe skal få høve til det, og for å bidra til at arbeidsmarknaden skal fungere godt. NAV samarbeider med arbeidsformidlingsetater i andre EØS-land (EURES-samarbeidet) for å leggje til rette for at verksemder i Noreg kan rekruttere arbeidstakarar frå EØS-land.

Eg er oppteken av at Arbeids- og velferdsetaten skal ha gode føresetnader for å kunne løyse sine samfunnsoppdrag, og arbeidsformidling er eit av områdene som er særskilt nemnd i regjeringsplattformen. Me held no på med å følgje opp to ulike oppmodingsvedtak knytta til arbeidsformidling i Arbeids- og velferdsetaten (oppmodingsvedtak nr. 223, 10. desember 2020 og oppmodingsvedtak nr. 906, 11. mai 2021). Disse vedtaka følgjer vi opp i samarbeid med Arbeids- og velferdsdirektoratet. Eg vil kome tilbake til Stortinget om oppfølginga av dette på eit seinare tidspunkt. Regjeringa vil saman med partane i arbeidslivet også jobbe aktivt for å bygge ein heiltidskultur i alle deler av arbeidslivet og har varsla tiltak for auka grunnbemanning på ulike områder.

I representantforslaget er det og med fleire forslag som blei fremma av fleirtalet i Fougner-utvalet. Utvalet har utgreia ulike tilknytingsformer i arbeidslivet og verksemdorganisering, og

mellom anna gjort framlegg om endring av arbeidsgjevar- og arbeidstakaromgrepet, ein ny regel om omgåing, ein definisjon av innleige og utvida arbeidstakarrettar i konsern.

Det er lagt fram mange gode forslag på dette området. Regjeringa ønskjer å gjere det vanskelegare å omgå arbeidsgjevaransvaret og sikre at den som i realiteten avgjer korleis arbeidet skal utførast, har rettar og pliktar som arbeidsgjevar. Regjeringa ser eit generelt behov for å innføre strengare reguleringar av tilknytingsformer og verksemdsorganiseringar der hensikta eller konsekvensen er å omgå arbeidsgjevaransvar, eller å svekke kollektivt avtalte eller lovfesta rettar. Høyringsfristen på NOU-en var 1. november, og regjeringa vil no raskt følgje opp forslag frå utvalet.

I tillegg kan eg nemne at internasjonalisering og aukinga i grensekryssande konsern, etter regjeringas syn også styrkjer behovet for tettare dialog og samarbeid mellom styresmaktene i andre land. Eg har derfor initiert eit nordisk samarbeid. På møte i Nordisk ministerråd i slutten av november vil eg starte dialogen med dei andre ministrane om korleis vi best kan arbeide med dette problemet saman, da me ser at nasjonale reglar ikkje aleine er tilstrekkeleg for å hindre omgåing.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink. The signature consists of a large, stylized 'H' followed by 'Tajik' in a cursive script. The name 'Hadia' is written in a smaller, simpler font above the 'Tajik' part.

Hadia Tajik









